



2/2014

JULI • ÅRGANG 21



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

SIM APP

SIM sin app skal gjera det lettare for deg som abonnent å hugsa på tømmedagen, finna opningstider til miljøsentralen eller finna ut kvar du finn returpunkt for glas- og metall.

Last ned appen via QR-koden



Eller gå inn på: <http://app.sim.as>

Eller søk på SIM tømmekalender i APP store eller Google Play



SIM APP

Etter at du har lasta ned appen må du leggja inn personlege opplysningar, kvar du bur og kva dag du har tøming. Dette for at appen skal kunne gje deg rett informasjon. Dersom du flyttar, kan desse opplysningane endrast under «innstillingar».



Varselet viser kva dag du har tøming og kva fraksjon som skal tømast

Du kan endre dine personlege opplysningar under innstillingar

Fyll inn kontaktinformasjon

Vel du kva kommune du bur i

Vel kva dag du har tøming og kva rute du er på



Vel kva tid du ynskjer å bli varsla

Bak dei grøne boksane vil du få informasjon om opningstider og plassering av miljøsentralar, hyttekonteinera og returpunkt for glas og metall

Du kan sjå kva fraksjonar som skal tømast 8 veker fram i tid

Dersom du har aktivert gps på din mobil, vil appen lokalisere kvar du er, og finna ut kvar næraste miljøsentral er

Du kan finna ut kvar miljøsentralar, returpunkt eller hyttekonteinera er lokalisert



Du kan få opplysningar om miljøsentralen er open eller om den er stengt

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Avfallsplan for hamner

SIM og eigarkommunane er i ferd med å utarbeida felles avfallsplan for alle hamner i kommunane. Bakgrunnen for utarbeiding av planen er krav frå Miljødirektoratet jmf. forureiningsforskrifta kapittel 20.

Planen vil gjelda:

- Alle norske og utanlandske skip, herunder fiskefartøy og fritidsfartøy.
- Alle hamner og kai- anlegg, både offentlege og private.

Bestemmelsane i avfallsforskrifta slår fast plikta til å sørgja for etablering og drift av mottaksordningar for avfall og lasterester i hamn.

Mottaksordningane skal vera tilstrekkelege. Det vil seia at dei skal tilpassast behovet hos dei skip som normalt nyttar hamna.

Småbåthamner skal vera innretta slik at den vil

kunne tilfredsstilla behovet for levering av avfall frå fritidsbåtar, samt hindra forureining.

Småbåthamner som ikkje bidrar med nødvendige opplysningar til kommunen, må utarbeide eigen avfallsplan.

Formålet med avfallsplanen er å verne det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall frå småbåtar / lystbåtar, og å sørgja for at avfall frå desse vert levert til mottaksordning i hamner.

Dei som ynskjer å vera med i kommunene sin felles avfallsplan for hamner, lyt ta kontakt med SIM, eller kommunen hamna ligg i.

Frist for å melda frå om at ein ynskjer å vera med i felles avfallsplan for kommunen er 22. august 2014.

Berre for hytteabonnentar

Misbruk av SIM sine hyttekonteinarar er ulovleg. Det er berre dei som betalar abonnement for hytterenovasjon som har lov til å bruka konteinarane. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom du observerer misbruk, hærverk, at

konteinararen er full eller at boset flyt på utsida. SIM ynskjer at det skal vera reint og ryddig kring konteinarane. Det vil hyttebrukarane, òg. Kjem det først bos på utsida, er det lett for at det blir meir.



Hyttekonteinarane er berre for dei som betalar abonnement for hytterenovasjon. Misbruk er ulovleg.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag-torsdag kl. 12.00-18.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-fredag kl. 10.00-18.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00.

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as